



Stryn
Arbeidarparti



FRIDOM, LIKSKAP OG SOLIDARITET

Dette er hovudprinsippa i det sosialdemokratiske verdigrunnlaget og ligg til grunn for Arbeidarpartiet si tenking og i utforminga av praktiske politikk.

Fridom frå undertrykking, fridom til å røyste, tenkje, tru, ytre seg og organisere seg er ein føresetnad for eit reelt demokrati.

Likskap betyr like rettar og høve til menneskeleg utfolding og vekst, uavhengig av bakgrunn. Vi skal vere særleg merksame på tendensar i samfunnet som fører til «utanforskap» og barnefattigdom.

Solidaritet betyr at alle skal med. I eit solidarisk samfunn tek vi ansvar for kvarandre, og alle yter etter evne. Solidaritet er uavhengig av grenser.

Valprogram 2023-27

Miljø, klima og trivsel

Stryn kommune skal vere ein attraktiv kommune å bu og vekse opp i.

STRYN ARBEIDARPARTI VIL:

- arbeide for at areal for bustadbygging skal vere tilgjengeleg i heile kommunen, med ein pris som er overkomeleg for folk med normal inntekt, gjerne etter prinsippet "leige til eige"
- medverke til eit planverk som fremjar bulyst, spreidd bustadbygging og næringsetablering i dialog med bygdelag
- halde fram arbeidet for turstiar/skiløyper, gang- og sykkelveggar
- ha ein grøn profil på gods- og persontransport og turisttrafikken
- at kommunen skal ha ei aktiv rolle i arbeidet mot ureining av naturen
- legge til rette for at ungdom i kommunen skal trivast, bli verande og kome attende etter endt utdanning
- sikre gode vilkår for frivillig arbeid

Skule og barnehage

Barn og unge er vår viktigaste ressurs for framtida. Godt utbygd offentleg skule- og barnehagestilbod er den beste garantien for å skape ein mangfaldig skule, god integrering og eit tolerant samfunn.

STRYN ARBEIDARPARTI VIL:

- sikre trygt og godt skule- og barnehagemiljø og førebygge med tidleg innsats
- sikre tettare samarbeid mellom skule, SFO og barnehage, halde oppe dei to- og fleir-delte skulane i kommunen, organisert som oppvekstsenter der det er føremålstenleg
- sikre Stryn Vidaregåande skule sin plass i ein desentralisert skulestruktur og tilby utdanning som er tilpassa samfunn, næringsliv og elevane sine behov

Helse, velferd og omsorg

Stryn Arbeidarparti vil arbeide for at alle i kommunen skal få den hjelpa og omsorga dei treng, enten dei bur heime eller på institusjon. Det skal leggst vekt på det førebyggjande arbeidet.

STRYN ARBEIDARPARTI VIL:

- sikre ei betre grunnbemanning i omsorgssektoren
- sikre eit sterkt fagmiljø til hjelp for menneske med psykiske lidingar, rus, og sosiale problem
- arbeide for å sikre alle ein økonomi minst på nivå med EU sin definisjon av fattigdomsgrense

- arbeide for å styrke den opne omsorga for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
- legge til rette for utvikling av velferdsteknologi i helsesektoren
- arbeide for å dimensjonere institusjonsomsorga i samsvar med utviklinga av tal eldre

Arbeidslivspolitik i kommunen

I kommunen skal det **førast ein arbeidslivspolitik som fremjar eit trygt og anstendig arbeidsliv. Opne prosessar og samarbeid i den kommunale organisasjonen gir dei beste løysingane.**

STRYN ARBEIDARPARTI VIL:

- arbeide for ein heiltidskultur, med mål om at alle nye kommunale stillingar skal lysast ut som heiltidsstillingar
- styrke grunnbemanninga som tiltak for å redusere bruken av kommersielle vikarbyrå
- legge til rette for ei god og framtidsretta etter- og vidareutdanning for dei tilsette
- seie nei til konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester

Nærings- og samfunnsutvikling

Stryn er kjend for å ha eit godt samarbeid mellom kommune og næringsliv.

Dette samarbeidet skal ha høg prioritet, følgjast opp og vidareutviklast. Det er viktig at vi i denne samanhengen tek heile kommunen i bruk.

STRYN ARBEIDARPARTI VIL:

- sikre at det vert lagt til rette med meir byggeklart nærings- og bustadareal i heile kommunen i framkant av behovet. Kapasiteten i planarbeidet må aukast.
- krevje at tildelt industri- /næringsareal skal ha byggjefrist på 2 år
- etablere gode rutinar for samhandling mellom planavdelinga og bygdeutviklingslaga i lokalt utviklingsarbeid
- ha fokus på framcomelege og rastrygge vegar som gir reduserte transportkostnader og gir større bu- og arbeidsregionar
- medverke til gode vilkår for landbruksnæringa
- arbeide for jordvern av lettdreven og god matjord for å sikre lokal matproduksjon.
- legge til rette for ei reiselivsnæring som har tydeleg miljøprofil og vil ta heile kommunen i bruk som heilårs destinasjon
- stimulere til auka bruk av naturressursar som solenergi, vasskraft, bioenergi og andre tilgjengelege løysingar for produksjon av rein energi

Stem sosialdemokratisk!

Stem på Stryn Arbeidarparti ved kommunevalet!

Desse stiller til val for Stryn Ap:

1. **Haldor Hove**
2. **Anita Linda Pettersen Almskår**
3. Jan Træen
4. Siv Rauset
5. Jan Bakke Flore
6. Tone Almenning
7. Jarle Hessevik
8. Naram Samman
9. Pål Vonheim
10. Randi Bjørset
11. Per Hatledal
12. Aud Hool Egge
13. Mons Rustøy
14. Eli Sofie Støve Eikenes
15. Erling Sæterlid
16. Laila Sæbø
17. Arvid Pedersen
18. Inger Hogrenning
19. Rune Mikal Hetle
20. Heidi Fjellvang
21. Eivind Tonning
22. Petter Løvdahl
23. Nils Petter Støyva

Stryn Arbeidarparti vil ha eit samfunn som tek vare på alle.

Arbeidarpartiet er **for** sterkare fellesskap og **mot** auka ulikskapar i samfunnet. Dei som treng hjelp skal få det, og vi skal løyse dei viktigaste oppgåvene i fellesskap.

Stryn Arbeidarparti har som målsetjing at folketalet i kommunen skal auke. Vi vil legge til rette for næringsverksemd som gjev nye arbeidsplassar og utvikling av eksisterande verksemdar. Menneske er vår viktigaste ressurs. Di fleire menneske vi er i kommunen, dess fleire verdier vil vi skape.